

SØKNAD OM HELSE- OG OMSORGSTENESTER

Opplysningar om søkjaren		
Etternamn:	Fornamn:	Fødselsnummer (11 siffer):
Adresse:	Postnr/stad:	Sivilstand:
Telefon/mobil:	E-post:	Fastlege:

Utfyllande opplysningar		
Bur åleine? (set kryss) Ja Nei	Bur saman med? (set kryss) Ektefelle/sambuar Born Foreldre/andre	Namn og fødselsnummer på ektefelle/sambuar: (dersom ektefelle/sambuar ikkje er næraste pårørande)
Yrke: (under utdanning, yrke, uføre- eller alderstrygda, anna)	Stønader: (omsorgsstønad, bu-, hjelpe-, eller grunnstønad, andre ytingar)	

Næraste pårørande / verje / fullmechtig / anna nettverk		
Etternamn:	Fornamn:	Fødselsnummer (11 siffer): for ektefelle eller sambuar
Adresse:	Postnr/stad:	Forhold til søker:
Telefon/mobil:	E-post:	


Søknad om helse- og omsorgstenester etter Pasient- og brukarrettighetslova kap 2. « Rett til nødvendig hjelp frå kommunen si helse- og omsorgsteneste » jmf Helse- og omsorgstenestelova kap 3. « Kommunen sitt ansvar for helse- og omsorgstenester. »

Søknaden vert handsama konfidensielt i tråd med:

Offentlegshetslova § 13: *Opplysningar som er underlagt teieplikt i lov eller i medhald av lov, er unnateken frå innsyn*

Forvaltningslova § 13: *Einkvar som utfører tenester eller arbeid for eit forvaltningsorgan, pliktar å hindra at andre får adgang eller kjennskap til det han får vita i høve til tenesten eller arbeidet.*

Ullensvang kommune nyttar elektronisk system for pasientjournal, for sakshandsaming og journalføring. Når du søker om tenester, blir du registrert i dette systemet. I tråd med Helseregisterlova og IPLOS forskrifta, vert det registrert IPLOS (Individbasert pleie og omsorgs statistikk), som er data som kommunane rapporterar anonymt til staten.



SØKNAD MED GRUNNGJEVING

Kvifor søker du om tenester ? Beskriv behovet ditt for kommunale tenester:

Samtykke

Eg gir samtykke til innhenting av opplysningar som er nødvendige for å behandla søknaden.

Eg gir samtykke til at nødvendige opplysningar blir gjeve til samarbeidande helsepersonell.

Eg gir samtykke til nødvendige inntektsopplysningar

Dato og underskrift på samtykke:

Underskrift søker (prosessfullmaktskjema må leggjast ved dersom andre signerer for søker. Det må begrunnast dersom søker ikkje er i stand til å gje skriftleg fullmakt.)


Stad/dato:

Underskrift søker:

Søknaden er fylt ut av: (dersom søker ikkje er i stand til å skrive søknaden sjølv)

Dersom søker ikkje kan skriva under på søknadsskjema eller gje fullmakt, begrunnast det her:

Signatur:



TILDELING AV HELSE-OG OMSORGSTENESTER.

Ullensvang kommune har eit tildelingskontor som skal sikra lik tilgang på helse-og omsorgstenester for innbyggjarane, uavhengig av alder, tenestebehov og bustad.

Søknader og spørsmål knytt til helse-og omsorgstenester i kommunen skal rettast til tildelingskontoret.

Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering

Ullensvang kommune har ein koordinerande eining med ansvar for å sørge for at brukarar med omfattande tenestebehov får samordna tenester for å sikre eit heilskapeleg tilbod.

Kreftkoordinator

Ullensvang kommune har ein eigen kreftkoordinator som skal yte bistand til personar med kreft. Dette er ein lett tilgjengelig teneste som ikkje krev søknad.


Ved tildeling av tenester vert det lagt vekt på brukardeltaking med fokus på

- Hjelp til sjølvhjelp
- Kva du kan klare sjølv
- Kva eventuell andre i husstanden kan klare
- Kva du og våre medarbeidarar kan gjera saman
- Kva våre ansatte kan hjelpe deg med

Målet er å bidra til ein så uavhengig og sjølvhjulpen kvardag som mogeleg.

Du kan søkje om

- Omsorgsbustad / Omsorgsbustad for demente med 24 timars tilsyn
- Tryggleiksalarm
- Støttekontakt
- Matombringning
- Praktisk bistand (heimehjelp)
- Helsehjelp i heimen
- Hjelpemidlar
- Omsorgsstønad
- Avlastning
- Dagaktivitetstilbod (for brukarar som har demens sjukdom)
- Dagtilbod for brukarar innan psykisk helse eller brukarar med funksjonshemming.
- Dag- og nattopphald
- Kortidsopphald på institusjon
- Periodevise kortidsopphald på institusjon
- Rehabiliteringsopphald på institusjon
- Kvardagsrehabilitering
- Langtidsopphald på institusjon
- Brukarstyrt personleg assistent eller personleg assistent
- Koordinator og Individuell plan
- Parkeringskort for HC



Tildelingskontoret kan *ikkje* tildela

- Legehjelp
- Helsesøster-og skulehelsetenester
- Behandling hos fysio-og ergoterapeut
- TT-kort
- Kommunale boligar, trygdeboligar

Når får du svar

Du vil innan 7 dagar få svar på at søknad er mottatt.

Sakshandsamingstida er normalt sett til 3 veker. Innan denne tida vil det føreliggja anten eit vedtak om kva og kor mykje hjelp du vert tildelt, eller du vil få avslag på søknaden. Dersom det er vedtak på ei teneste, skal denne starte opp så snart som mogeleg. Nokre tenester kan det vera ventetid på.

I nokre høve er det behov for ei meir utgreiing for å finna det rette tenestetilbodet.

Du vil få melding om kva som skal gjerast før det kan fattast endeleg vedtak, samt kor lang sakshandsamingstid ein reknar med.

Individuell vurdering

Alle søknader om tenester vert vurdert individuelt av fagpersonar. Vurderinga skjer i dialog med deg anten pr telefon, møte på tildelingskontoret eller ved heimebesøk. Samarbeidet med deg som søker er viktig for å finna fram til rett tenestetilbod. Sakshandsamar og dei som utfører tenesten samarbeider og har teieplikt.

Vedtak

Tildelingskontoret fattar vedtak som i hovudregel gjeld for ein bestemt periode. Vedtaket beskriv kva slags teneste du får og evt mengde og type hjelp som vert tildelt. Dersom det skal betalast for tenesten, vil dette stå i vedtaket.

Dersom behovet for hjelp vert endra, pliktar du, dine pårørande eller dei som utfører tenesten å melde frå til tildelingskontoret, slik at nytt vedtak vert fatta.

Vederlag og eigenandel

Matombringing, dagaktivitetstilbod, tryggleiksalarm, dagopphold, tidsbegrensa opphald i sjukeheim – det er eigenandel uavhengig av inntekt.

Praktisk bistand – eigenandelen blir rekna ut frå skatteoppgjør frå siste år.

Langtidsplass i sjukeheim – ein betalar 75% av grunnpensjon og 85% av anna inntekt etter frådrag av skatt m.m. og opplysningar om skatteoppgjør, inntekt, renteinntekter, stønad frå folketrygda og private pensjonar må sendast institusjonen.

Omsorgsbustad – ein inngår avtale om husleige og betalar fast husleige kvar mnd.

Klage


Du kan klage på avslag på søknad eller på at du får mindre hjelp eller anna hjelp enn den du har søkt om. Du kan og klage på kvaliteten på dei tenestane som vert utført.

Korleis du skal klage og kor klagen skal sendast, vil stå i vedtaksbrevet.

Henvendingar

Treng du bistand til å søkje eller andre råd om tenester osb, kan du ta kontakt med tildelingskontoret

Telefon: 97 55 84 30, E-post: tildelingskontor@ullensvang.kommune.no



Fullmakt

J.f. Forvaltningslova §12

Namn og fød.nr. på den saka gjeld:

Namn: _____ **Fødselsnr:** _____

Eg gir

Namn på fullmektig	
Adresse	Telefonnr
E-post	

Fullmakt til å handla på mine vegne i saka vedrørende

Beskriv saka denne fullmakta dreiar seg om
--

Fullmakta omfattar rett til å motta taushetsbelagt informasjon og rett til fritt innsyn i saka sine dokumenter og informasjon.

All kommunikasjon som vedkjem saka skal skje via den oppnevnte fullmektig, men eg ønsker kopi av brev og anna informasjon undervegs.

Fullmakta gjeld til saka er ferdigbehandla eller til eg skriftleg tilbakekallar denne fullmakta.

Underskrift

Namn	Fødselsnr
Dato/stad	
Signatur	